



Helgesen Tekniske Bygg AS
Valestrandfossen
5281 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2660 - 16/7455

Saksbehandlar:
Lillian Straumøy Brakstad
lillian.s.brakstad@meland.kommune.no

Dato:
15.04.2016

Godkjenning - igangsettingsløyve for grunn-, terreng- og betongarbeid - næringsbygg på Mjåtveitflaten, gbnr 22/167.

Administrativt vedtak. Saknr: 94/2016

Tiltakshavar: Kolos Eiendom AS (tidlegare Fours Eiendoms AS)
Ansvarleg søkjar: Helgesen Tekniske bygg AS – org.nr 965 012 044
Søknadstype: Søknad om igangsettingsløyve av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) § 20-1, jf § 21-2, 5. ledd.

Saksutgreiing og vurdering:

Helgesen Tekniske bygg AS har på vegne av Kolos Eiendom AS søkt om igangsettingsløyve for grunn-, terreng- og betongarbeid for oppføring av næringsbygg på Mjåtveitflaten, gbnr 22/167.

Rammeløyve er gitt i administrativt vedtak 412/2015, dagsett 25.11.2015, og revidert rammeløyve gitt i administrativt vedtak 60/2016, dagsett 09.03.2016. Administrasjonen vurderer at vilkåra i revidert rammeløyve ikkje er til hinder for IG for dei omsøkte arbeida. Terrengprofilar ligg ved søknaden om IG og det er opplyst at søknad om VA-tilkopling blir sendt inn når ansvarleg føretak er på plass (før oppføring av bygg).

Planstatus:

Eigedomen er i Reguleringsplan for industriområde Mjåtveit/Frekhaugmarka – planid 125619780310 - avsett til industriområde. Tiltaket er i tråd med reguleringsplanen.

Nabovarsling:

Tiltaket vart nabovarsla i samband med søknad om rammeløyve. Det er ikkje trong for ny nabovarsling.

Ansvarsrettar:

Ansvarsrettar i saka går fram av erklæringar om ansvarsrett og gjennomføringsplan versjon 3 dagsett 08.04.2016, vedlagt søknaden. Ansvarlege i byggesaker innestår for at tiltaket vert utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av denne lov, jf pbl § 23-1.

Vedtak

«Meland kommune gjev i medhald av Plan- bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 21-4 fjerde ledd igangsettingsløyve grunn-, terreng- og betongarbeid for oppføring av næringsbygg gbnr 22/167 på Mjåtveitflaten, jf søknad med vedlegg motteke .

Tiltaket skal elles gjennomførast i samsvar med krav og vilkår gitt i eller i medhald av pbl, så fram det ikkje er gjeve unntak.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar og gjennomføringsplan versjon 3 dagsett 08.04.2016, jf pbl § 23-3.

Dei opplysningane om byggetiltak og tiltakshavar som går fram av søknaden vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova.

Igangsettingsløyvet fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år, eller dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn to år, jf pbl § 21-9.»

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Lillian Straumøy Brakstad
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

22-167 IG

Kopi til:

Kolos Eiendom AS

Mjåtveitflaten 25 5918

FREKHAUG

Mottakere:

Helgesen Tekniske Bygg AS

Valestrandfossen 5281

VALESTRANDSFOSSEN